



Vinnar-anda nærmar seg målsnora under andeløpet i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

12. juni er den store Aktivitetsdagen og eit høgdepunkt også i år er andeløpet.

Det blir arrangert for tredje gongen. No er andelsbrev som kostar 100 kroner til sals.

Idrettslaget som står bak løpet, sel andelsbrev rundt i bygda og dei er også å få i lokale butikkar, opplyser leiar Bjarte Døssland..

Som i fjor deltek 400 ender i eit nerverpirrande stormløp nedover Uskedalselva. Målgangen er som ifjor eit stykke nedanfor brua.

Førstepremie er ein flott **kano** med ordinær salspris på over kr. 10 000.

Andrepremie er ein stor **lavvo** som kan gi mange fine overnattingsturar.

Tredjepremie er ei **pulsklokke**.

Fjerdepremie er eit **badmintonsett med nett og det heile**.

Premieutdeling skjer like etter løpet.

Inntektene går uavkorta til idrettslaget, slik at dei kan gi born og vaksne eit godt og rimeleg idrettstilbod.



Ivar Gundersen klar for andeslipp ved Djupehølen for 2 år sidan. (Foto: Ola Matti Mathisen)